
Saksnr: 2020/60824-17
Saksbehandlar: Eva Moberg

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.01.2021

Museumsløft 2020 - fordeling av midlar

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver 1,633 mill. til Museumsløft 2020 frå budsjettpost 440.500 Museum med følgjande fordeling:

	Søklar	Tiltak	Løyving NOK
1	Baroniet	Båt- og vognhuset: ombygging av lokala og istandsetting av venjebåtane.	150 000
3	Kraftmuseet	Boliden-arkivet. Registrere, reingjere og magasinere arkivet, samt gjere det søkbart.	100 000
4	Nynorsk kultursentrum	Kartlegging og bruk av Økland-samlingane og Økland-tunet.	100 000
5	Museumssenteret i Hordaland	Istandsetjing av naust på Lygra.	100 000
7	Museumssenteret i Hordaland	Etablere ambulerande dokumentasjonsteam.	300 000
8	Museum Vest	Restaurering/tak-reperasjon av Saltebua ved Kystmuseet i Øygarden.	200 000
9	Musea i Sogn og Fjordane	Handlingsplan for prioritering av istandsettingsarbeid på bygningssamlinga.	100 000
10	Museum Vest	Kartlegging og utvikling av musea i Vestland sine båtsamlingar.	100 000
11	KODE	Lysøen: Antikvariske og kulturhistoriske bygningsanalysar som grunnlag for istandsetting.	100 000
12	Hardanger og Voss Museum	Nevertekking på Tronesstova.	83 000
13	Bymuseet i Bergen	Oppgradering av Jacob R. Olsens Barnehjem, Nyhavnsveien 4. Delfinansiering av ny ventilasjonsløyving og nye vinduer og dører.	300 000

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering avslår følgjande søknader:

	Søklar	Tiltak	Løyving NOK
2	Sunnhordland Museum	Ådlandsstova (freda): Fjerning av sopp på golvet, stoppe lekkasje i taket, skifte roteskadde bordgangar.	0
6	Museumssenteret i Hordaland	Revisjon av samlingsplan med innlemming av MiSF, samla blick på magasinsituasjonen og samla oversikt over tilboda frå Bevaringstenestene	0

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Føremål med ordninga

Tilskotsordninga til museumsloft skal vidareutvikle gjeldande satsingar i Regional kulturplan for Hordaland 2015-2020 og Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027. Det er eit overordna mål å utvikle dei konsoliderte musea i Vestland som sterke kunnskapssenter og organisasjonar.

Budsjett 2020	1,633 mill.
Søknadsfrist	1. november
Vedteken innretting og kriteria	KULII 15.10.2020, PS 129/2020 Tiltak A: vøling av kulturhistoriske bygg forvalta av musea i Vestland Tiltak B: tiltak som bidreg til styrking av fellesløysingar for musea i Vestland
Informasjon om ordninga	https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/tilskot-til-museumsloft/

Tal søknader	13
Tal søknader som er tilrådde	11
Samla kostnad	16 400 590
Samla søknadssum	6 444 985
Tilrådd fordeling	1 633 000

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurdering

Det er eit stort vedlikehaldsetterslep på bygningsmassen ved musea. Ordninga opnar difor opp for at musea kan søkje støtte til istandsetjing av kulturhistoriske bygg som musea forvaltar. Det vil også vere gevinstar å oppnå ved at musea går saman om fellestenester innafor magasin og samlingsforvaltning. Ordninga er difor også innretta mot fellesprosjekt som kan bidra til dette.

I vurderinga har fylkesdirektøren lagt vekt på at midlane skal fordelast til prosjekt og tiltak som fell inn under retningsliner og kriteria som er sett for ordninga. Då retningsliner og kriteria for ordninga vart vedtekte tett opp mot søknadsfrist, er det opna for at søknader som er å rekne for vidareføring av fleirårige satsingar under gjeldande ordning (Museumsloft 2017), også vert vurdert. Fylkesdirektøren har i tillegg vurdert gjennomføringsevne og realisme i prosjekta og tiltaka sin kvalitet.

Det er sendt inn til saman 13 søknader. Av desse er 8 søknader retta mot tiltak A, medan 4 er retta mot tiltak B. Ein av søknadane er oppfølging av ei treårig satsing under Museumsloft 2017-ordninga. Søknadane er relativt jamt fordelt mellom dei ulike regionane i Vestland.

Søknad nr. 2 frå Sunnhordland Museum, som gjeld istandsetting av Ådlandsstova, er foreslått avslegen her. Ådlandsstova er freda og søknaden vert difor overført til handsaming over søknadsordninga Profane mellomalderbygg, post 73 på Statsbudsjettet.

Museumssenteret i Hordaland har sendt inn 3 søknader. To av dei er foreslått innvilga, den tredje søknaden, (søknad nr. 6), vert tilrådd avslegen då det er lagt inn ei auke i driftstilskotet frå fylkeskommunen for 2021 på om lag 1 mill. kroner til Museumssenteret i Hordaland sin fellesteneste, Bevaringstenesta. Auka i driftstilskotet skal gjere det mogleg å få ei meir berekraftig forvaltning av samlingane til alle dei konsoliderte musea i Vestland fylke, inkludert Musea i Sogn og Fjordane. Det vil difor vere naturleg at ein revisjon av samlingsplanen kan løysast innafor det ordinære driftsbudsjettet.

Økonomi: Storleiken på tilskotsordninga i 2020 er 1,633 mill. og vedteke av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming

Klima: Istandsetting av kulturhistoriske bygg bidreg positivt i klimarekneskapen

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014-2025 - fleire gode levekår for alle :
Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit sentralt verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan for Hordland 2015-2025 «Premiss. Kultur» og Regional Plan for Kultur i Sogn og Fjordane 2019-2029 «Kultur for alle».

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår at hovudutvalet til å fordele Museumsløftmidlar 2020 i tråd med vurderingane over.